

MEDDELELSER FRA VEGDIREKTÖREN

NR. 12

Jamne vegdekke. — Oljesituasjonen i U. S. A. — Yrkeskurs. — Faste dekker pr. 1. oktober 1948. — Sikring av skråninger. — Maskinell arbeidsdrift i Amerika. — Brooklyn Battery tunnel i New York. — Vegkryss med jernbane. — Faste vegdekkers lysreflekterende egenskaper. — Verdens råoljeproduksjon steg 10 % i 1947. — Litteratur. — Personalía. — Rettelse.

DESBR. 1948

JAMNE VEGDEKKE

Av avd.ind. G. A. Frøholm.

Den store og snøgge trafikken som vi har på vegane i vår tid set store krav til vegbyggjinga. Vegane må vera breide og ha store nok kurveradiar i horisontalplanet og i vertikalplanet, og vegane må ha breddeutviding og overhøgde i svingane (kurvene).

Men noko av det viktigaste er sjølve vegdekket. Vegdekket må vera berekraftig nok for den tyngste trafikken i all slags ver, og det må vera varig eller lett å halda i god stand.

Men framom alt: Den snøgge trafikken i vår tid krav at *vegdekket skal vera jamt*. Det må ikkje ha groper og kular eller vera bårforma. Ujamne vegdekke aukar påkjenninga og slitet både på vogn og vegdekke. Ujamne vegdekke gjer at det er mindre hugnad å køyra, og er vegdekkja mykje ujamne kan dei vera fårlege for trafikks trygggleiken.

Det er nok slik at dei moderne bilane har fått utstyr som gjer at ein merkar mindre til ujamne vegdekke: Lågtrykksringar, serskilt fjørande hjul, spiralfjører og støytdemparar, lågt tyngdepunkt m. m. Men dette er ikkje nok. Den auka køyrefarten gjer at det lyt leggjast større vekt på å få jamne vegdekke.

Den ujamne vegbana blir sjølv utsett for auka påkjenningar av støytkrefter som kjem når vognen køyrer over groper, kular m. m. Påkjenningane på grunn av ujamn vegbane gjer at *gropene aukar i storleik*. Dei dynamiske påkjenningane kan nemleg verta sers store, serleg når hjultrykket og køyrefarten er stor. Dette kan føra til at vegdekket blir heilt øydelagt. At ei vegbane er ujamn fører med seg stor slitasje, stor øydeleggjing og derfor kostbart vedlikehald. Ein kan segja at ei ujamn vegbane øydelegg seg sjølv.

Når ein legg eit nytt vegdekke av eit eller anna slag, er det derfor sers viktig at vegdekket blir laga so jamt som råd er. Vegdekket får då lenger levetid og det er meir til nytte for køyrety og trafikk.

Det vilde likevel verta for dyrt å laga *heilt jamne vegdekke*. Vegdekket treng heller ikkje vera *heilt jamt*. Men kravet til jamne vegdekke må aukast. Det gjeld derfor å finne den beste vegdekketeknikken.

Men det er ikkje berre sjølve slitelaget — vegdekkeoverflata — som må vera jamt og fast. Underlaget har avgjerande innverknad på dei fleste vegdekktyper. Underlaget må vera så jamt og så godt samanpressa ved valsing, stamping eller liknande, at det ikkje vil verta

ujamt samanpressa av tung trafikk. I svenske forskrifter har det vore fastsett at underlaget for slitelaget ikkje skal ha større høgdeavvik en 1 cm på 3 meter lengd.

Reidskap eller apparat til kontroll av kor jamn vegdekkeoverflata er.

Det finst ei mengde ulike metodar og apparat til mæling av kor jamn vegbaneoverflata er. Summe av dei vart tekne i bruk for meir enn 40 år sidan. Men sume er oppfunne dei siste åra.

Stort set kan ein dele mælemetodane i to grupper:

1. Dei som mæler *verknaden på køyretyet* frå ei ujamn vegbane.

2. Dei som *direkte mæler* kor ujamn vegbana er.

Til gruppe 1 høyrer den såkalla akselerasjonsmælaren som mæler verknaden av støytkrafta på dei ymse deler av køyretyet. Han kan til eks. spennast fast på framakselen eller vognråma. Det finst også instrument som kan spennast fast på vognføraren sitt hovud for å finna verknaden av vognskakinga på honom som køyrer vogna. Når ein får mælt akselerasjonen kan ein derav rekna ut støytkreftene.

Det svenske Väginstitut brukte i 1928 ein såkalla Skrovlighetsmätare.

Han var fest på bilråma på slik måte at han mælte den relative rørsle mellom framakslen og bilråma. Skulle mælaren gje einsarta resultat laut bilen køyrast med ein viss konstant fart. På eit rekneverk kunne dei så etterpå lesa av summen av vognakslens rørsle i vertikal lei i høve til bilråma.

Mot slike indirekte mælingar av ujamnheitene på køyrebana, — ved verknaden på eit køyrety, — kan gjerast den innvending at dei ikkje er heilt objektive. Fleire ukjende faktorar verkar med: Vognkonstruksjon, fjører, støytdemparar, ringdimensjon, lufttrykk i ringane m. m.

Desse mælemåtane har størst verdi for vognkonstruktørane. Men dei har også litt verdi for samanlikning mellom ymse slags vegdekke. Har ein eit slikt mæleinstrument fastsett på ein bil, kan ein snart køyra over ei stor veglengd og på denne måten få eit inntrykk av kor jamne dei ymse vegane er.

3. Som ei tredje gruppe mæleapparat kan ein kanskje rekna seismografane og liknande apparat. Med desse mæler ein vegbaneskakinga når vognar køyrar frametter. Serleg i byane har dei utført slike etterrøkjingar

for å finna kva for vegdekke som gjev minst skaking på grunnen. Slik skaking kan nemleg vera skadeleg for høge bygningar.

Gruppe 2. Det er dese apparata — dei som direkte mæler kor ujamn vegbana er — som er dei viktigaste og mest nytta. Dese apparata skal ein derfor omtala nærmare.

Dei kan delast inn i 2 undergrupper:

2 a. Apparat som kan skuvast eller rullast fram på ei rettskive eller rettlinja (helst vassrett) føringsskjene.

2 b. Apparat som vert førde fram direkte på vegbana anten på hjul eller meiar.

Apparat som høyrar til gruppe 2 a.

Dese apparata gjev mest nøyaktige mæleresultat. Men mælingsarbeidet går seint. I høve til den heine føringsskjena, rettskiva, får ein mælt høgdevariasjonane på vegbana heilt nøyaktig. Dei fleste apparat etter dette prinsipp har utstyr slik at ein under framføringa automatisk får oppteikna eit lengdeprofil av vegbana langs føringssporet. På dette lengdeprofilet — som gjev dei verkelege høgdevariasjonane, kan ein etterpå sjå kor ujamnt vegdekket er.

Oftast er det ei lita vogn på hjul som kan skuvast fram oppå den nemnde føringsskjena. Loddrett gjennom vognen går ei stong som i nedste enden har eit hjul som kan rulla på vegbana. Når vognen vert skuva framover oppå skjena vil hjulet rulla på vegbana. Den vertikale stonga seg når hjulet rullar over ei grop. På den vertikale seg når hjulet rular over ei grop. På den vertikale stonga er det oppå vogna ei skrivestift som kan teikna opp vegdekkeprofilet på ein papirrull. Høgdemålstocken på dette profilet vert vanleg 1 : 1. Lengdemålstocken er oftast 1 : 100. (Lengdemålstocken får dei til med høveleg framdrift av papirrullen i høve til framkøyringa av vognen på føringsskjena.) Men sume apparat teiknar lengdeprofilet i $M = 1 : 25$ eller $M = 1 : 50$.

Summe apparat er enklare. Dei har ikkje skriverull, men dei har då ein visar som på ein inndelt skala syner kor store utslaga (lyfting eller senking av føringshjulet) er. Ofte har dei dessutan ein serskilt visar som syner det øvste utslaget og ein visar som syner det lægste utslaget som føringshjulet har hatt sidan siste nullstillinga. Til kvart slikt apparat er der oftast 2 sett førings-skjener slik at dei kan flyttast fram skiftevis.

Med hjelp av skrueføter kan skjenene stillast inn i høgd enten slik at dei ligg vassrett eller slik at dei ligg med jamn stigning, eller i høveleg avstand over vegdekket.

Dei under 2 a nemnde apparata mæler eller teiknar opp vegdekkeoverflata i høve til ei rettlina skjene (enten




Fig. 1.




Fig. 2.

vassrett eller med jamn stigning). På denne maten får ein eit heilt rett teikna bilete av det verkelege profilet. Men mælinga krev lang tid og kan ikkje nyttast når det gjeld mæling av lange vegstykke, t. eks. kontroll av nye eller gamle vegdekker.

Til slikt bruk høver det betre å nytta apparat som kan skuvast eller dragast fram over vegdekket og herunder samstundes mæler og teiknar opp vegdekkeoverflata i høve til eit visst gjennomsnittsnivå av vegdekkeoverflata. Dette er

Apparat som høyrer til gruppe 2 b.

1. Apparat på hjul.

Fig. 1 syner eit apparat som er konstruert av Olsen-Andrew i U. S. A. Dette apparatet arbeider etter det sokalla 3-punktsystemet: Ein ca. 3 m lang bjelke kviler på eitt hjul i kvar ende. Dese to hjula rullar på vegbaneoverflata når apparatet vert drege framover. Midt mellom desse to køyrehjula er eit mælehjul som blir trykt ned mot vegbana med ei fjør. Ein viser syner kor høgt mælehjulet står til kvar tid i høve til køyrehjula. Ein mæler altså vegbanehøgda i eitt punkt samanlikna med vegbanehøgda i tvo andre punkt. Dette er eit ufullkome system: Dersom vegbaneoverflata er bæreforma og med slik konstant bærelengd at det er eit visst





Fig. 3.




Fig. 4 a.




Fig. 4 b.

tal heile bærelegder frå køyrehjul til mælehjul, — og det er same lengd mellom mælehjulet og kvar av dei to køyrehjula — vil alle tre hjula koma på ein båretopp samstundes, og dei vil koma i ein båredal samstundes. Då vil mælehjulet og visaren ikkje gjera utslag. Det vil då på mæleapparatet sjå ut som vegen var heilt jamn. Dette kan henda på ein veg med regelrette vaskebrett, — slik som ein ofte har.

Dersom mælehjulet ikkje står *midt mellom* dei to køyrehjula, vil ein få utslag. Men ein vil skyna at dette apparatet er ikkje mykje å lita på. Det vil gje eit ufullkome bilete av kor ujamn vegoverflata er.

I U. S. A. finst mange konstruksjonar som liknar dette apparat, men som dertil har ymse spesialutstyr: Nokre gjev lydsignal, andre sprutar ut farge på vegbana, eller apparatet stoggar dersom vegbana er meir ujamn enn det som er fastsett.

Fig. 2 syner eit slikt apparat som vart brukt av Ohio State Departement of Highways. Det var større enn Olsen-Andrew apparatet. Mælevogna var fest på fire sykkelhjul og var kopla til ein liten bil. På bilen var tank for fargeblanding som automatisk blir sprøyta på vegdekket der dette er for ujamn. Dette apparatet vert brukt ved overtakingskontroll av nye vegdekke. Når apparatet ikkje skal brukast, kan det leggjast isaman og køyrast på ein lastebil.

Desse sist nemnde apparata er ufullkomne avdi dei har for få oppleggspunkt på vegbana, — og derfor ikkje har ei påliteleg medelhøgde (medelnivå) til å gå ut frå ved mælinga av kor ujamn vegbaneoverflata er.

Dei har derfor seinare laga mæleapparat etter det sokalla «tusenfotsystem».

Fig. 3 syner eit italiensk apparat som vart kalla Odograph, og vart nytta av veginstituttet i Milano. Dette apparatet er 3,75 m langt og har 16 hjul, men berre 8 hjul i lengd avdi der er 2 og 2 hjul jamsides. Midt på apparatet er mælehjulet.

Eit liknande apparat vart ogso laga av det engelske Research Board og nytta til mæling av vegane i England. Dette hadde også 4 hjul framfor og fire hjul attanfor mælehjulet. Mælehjulet mælte soleis inn høgda av vegbaneoverflata i høve til medelhøgda i 8 andre punkt, — som regel med jamne mellomrom.

Fig. 4 a syner ein fransk jamnheitsmåler (konstruert av Société Viasphalt) og som dei kalla *Viagraphie*.

Dette er kanskje ein av dei mest fullkomne jamnheitsmålarar som er laga. Apparatet er laga etter det før nemnde «tusenfotsystemet» og har 16 hjul i lengda + 1 mælehjul. Dei 16 køyrehjula (føringshjula) står etter kvarandre med jamne mellomrom og er kobla isaman 2 og 2, deretter 4 og fire og sist på 8 og 8 med hjelp av likearma 2-arma vektstenger som kan svinga seg om horisontale akslar, slik at alle hjul til kvar tid vil rulla på vegdekkeoverflata. Fig. 4 b syner dette. Mælehjulet med mæleapparatet er fest midt på den vektstanga som bind isaman dei to hovudgruppene kvar på 8 hjul. Då dei 16 køyrehjula står etter kvarandre på ei bein linje, har apparatet to serskilte stydjehjul for å halda jamvekta — eit stydjehjul på kvar side av lina gjennom dei 16 køyrehjula og mælehjulet.

Denne «Viagraphen» var kring 10 m langd og vog kring 4 tonn. Han vart hengd etter ein serskilt trekkbil og kunne køyrast fram med opp til 1500 meter i timen, samstundes som lengdeprofilen av vegdekkeoverflata vart

oppteikna på ein papirrull. Oppteikningsapparatet er så nøyaktig konstruert at største feilen på det oppteikna profilet er mindre enn 1 mm. Lengdeprofilen av vegdekkeoverflata vert altså teikna i høve til medelhøgda av oppleggspunktet for dei 16 køyrehjula, som rullar på vegdekkeoverflata. Lengdeprofilen vert vanleg teikna i lengdemålstokk $LM = 1 : 100$ og høgdemålstokk $HM = 1 : 1$ på ein papirrull med mm-inndeling.

Lengdeprofilen blir soleis så pass samantrengt i lengde at ein lett kan studera høgdeavvika — og finna ut kvar dei største høgdeavvik finst. Dersom ein får teikna slikt lengdeprofil av vegdekket før det endelege slitelaget vert lagt på, vil ein då kunne jamna ut underlaget før slitelaget skal leggjast. På denne måten kan ein oppnå å få heilt jamt og godt vegdekke.

II. *Apparat som kan dragast fram på meiar som glir på vegbaneoverflata.*

For å unngå vanskaner med alle desse hjula og unngå sume av dei feil som føringshjula kan gje — har dei laga apparat som glir på lange beine meiar. Som nemnt før vil det på vegbaner med regelrette lengdebåre kunne verta heilt misvisande mæleresultat når dei nyttar apparat med konstant hjulavstand, sjølv om dei har mange hjul etter kvarandre. Dersom alle hjula har same mellomrommet og bårane på vegbana har ei slikt konstant lengd at det fell eit heilt tal bårer frå hjul til hjul, då vil alle hjula samstundes koma på båretopp og samstundes i båretal. Men då vil samanlikningshøgda ogso gå i båretgang nett som vegdekkeoverflata. Dersom då ogso mælehjulet er i båretal samstundes med alle køyrehjula (føringshjula), vil vegdekkeoverflata verta teikna som ei bein linje. På vegdekke med vaskebrett kan slikt henda. Det same gjeld ogso på gatesteinsdekke med konstant steindimensjon. For å undgå dette har dei laga apparat på lange, beine meiar.

Fig. 5 a og 5 b syner sers enkle slike apparat. Det er ei rettskive som kan dragast fram på vegdekket. Rettskiva — meiane — vil då alltid liggja på båretoppene —




Fig. 5 a.




Fig. 5 b.

på dei høgaste ryggane og kulane — i den linja som apparatet vert drege fram. Midt på rettskiva er eit mælehjul som med ei fjør blir pressa ned mot vegen. Mælehjulet er fest på den korte horisontale armen av ei to-arma vektstong som er bøygd i rett vinkel (fig. 5 a). Den lange vertikale armen er forma som ein visar som er 10 gonger so lang som avstanden frå hjulaksen til omdreiningspunktet for vektstonga. Når mælehjulet rullar på vegbaneoverflata, vil visaren i ti-dobbel målstokk syne kor djupt vegbaneoverflata ligg *under* nedste kanten av rettskiva.

Apparatet har ofte utstyr slik at vegdekkeprofilen blir teikna på ein papirrull (fig. 5 b).

Dansk Vejlaboratorium har brukt ein sokalla «Viagrafen». Viagrafen arbeider etter omlag same prinsipp som nemnt ovanfor. Han er konstruert av Glenfield and Kennedy i Kilmarnock i England, og er utførleg omtala i Ths. Aitken, Road Making and Maintenance, London 1907. Sjølve instrumentet ligg i ein tett kasse med glaslok, og som står på 3,7 m lange meiar som skal dragast framover den flata som skal kontrollmællest.

Midt på sleden er fest eit hjul og ein slepar på kvar sin arm. Både hjul og slepar blir med fjører trykte ned mot underlaget (vegkana) som dei lyt fylgja under mælinga. *Hjulet* har 15 cm diameter, har tagger på omkrinsen og tener både til å registrera (teikna) ujamnhettene og til å driva den trommelen som dreg fram registreringspapiret. Drivverket bør vera slikt konstruert at 1 meter papir blir drege fram for kvar 100 m sleden blir dregen fram på vegen. Då blir lengdemålstokk: $LM = 1 : 100$.

Sleparen si kontaktside mot vegbana er forma som ein sirkelboge med 600 mm radius, omlag som eit bilhjul den gongen.

Sleparen sine opp- og nedgående rørsler blir overført til ein penn som teiknar opp vegprofilen på papirrullen. $HM = 1 : 1$ (naturleg høgdemålstokk.)

På to teljeverk kan ein lesa av summen av rørslene i vertikal lei, på det eine teljeverket for sleparen, på det andre teljeverket for hjulet. Di meir ujamn vegbana er, di større avlesing får ein på teljeverket. Teljeverket for hjulet viser som regel større sum enn teljeverket for sleparen. Dette kjem av at hjulet har mindre diameter og derfor ogso blir trykt ned i korte søkk, medan sleparen som har større diameter (slakare avrunding) ikkje kjem ned til botnen i slike korte søkk.

Sivilingeniør G. Kullberg ved det svenske Statens Väg-institut, har konstruert eit sers godt apparat til kontroll av vegdekkeoverflater o. l.

Fig. 6 syner dette apparatet. Det arbeider etter rettskive-midtpunktprinsippet, slik som den ovanfor nemnde Viagrafen og dei to før nemnde apparata på meidar.

Det har eit 5 m langt fagverk av heiltrekte stålrør med 0,56 mm tjukt gods. Under fagverket er festa to parallelle meiar (stållinjalor) i 20 cm avstand. Før mæling blir det kontrollert at begge linjalane er rake og ligg i same plan. Apparatet kan justerast med skruvar slik at største avvik frå rettlinja er høgst 0,25 mm. I kvar ende av fagverket er der to hjul med gummiringar.




Fig. 6. Statens Väginstututs jammhetsmælar.

Når apparatet skal transporterast kan fagverket løftast opp frå vegen og hektast fast slik at det kan trillast på dei fire hjula. Ved mæling senker dei fagverket slik at stållinjalane ligg mot vegen, men på slik måte at ein del av apparatvekta kan berast av dei fire hjula (stålfjører held oppe litt av vekta). Dette gjer at apparatet blir lett å draga (1 mann) og at stållinjalane (meiane) slitest mindre. Hjula gjer også sitt til at apparatet går beint framover sjølv om vegbana har fall til sides, og sjølv om vegbana har ein rygg slik at linjalane elles ville liggja mot vegbana berre på midten.

Midt på fagverket er sjølve registreringsapparatet fest. Ein slepar er festa til ein arm som kan svingast i vertikalplanet og kan fylgja den ujamne vegoverflata. Kontaktyta på sleparen er forma som ein sirkelboge med omtrent same radius som eit bilhjul (400 mm).

Vertikalrørsla blir med hjelp av ei vertikal stong overført frå sleparen til eit registreringsapparat. Der blir vegprofilen automatisk teikna på ei papirremse og ujamn-

heitene blir talde og oppsummerte på eit teljeverk. Der er to skrivestifter. Den eine teiknar 0-linja (null-linja), hi teiknar vegprofilen i $HM = 1 : 1$ og $LM = 1 : 100$. Teljeverket reknar talet på passerte ujamnheiter og summerar dei etter storleik: På seks teljeverk kan ein lesa av talet på ujamnheiter av ymse storleik, nemleg større enn, 2,5, 5, 7,5, 10, 12,5 og 15 mm. Eitt teljeverk for kvar storleik.

Ved ei enkel omkopling kan dei same seks teljeverk summera talet på ujamnheiter større enn: 5, 10, 15, 20, 25 og 30 mm.

Den absolutt største ujamnheit (det største utslag av sleparen) mellom kvar ny innstilling kan lesast av på ein serskilt skala.

Eit hjul som blir trykt mot vegbana mælar veglengda og driv fram trommelen med papirremsa som profilen vert teikna på. Dette hjulet driv også ein lengdemælar der ein kan lesa av den mælte veglengda i m og dm.

Eit planimeter mælar flateinnhaldet mellom 0-linja og det oppteikna lengdeprofilen (jamnheitstal I). Eit anna planimeter mælar flateinnhaldet mellom det oppteikna profilen og ei linje 5 mm under 0-linja (null-linja). (Jamnheitstal II.)

Det har synt seg mest praktisk å mæla opp 100 meter lange vegstykker. Apparatet har derfor ei tilskipping slik at det gjev signal for kvar 100 m. For kvar 100 meter stoggar dei, les av alle teljeverk m. m. og stiller alt på null før dei mælar opp neste 100 m vegstykke.

Med dette apparatet er det utført ei mengd mælingar av ymse slags vegdekker i by og bygd, soleis i Stockholm, Göteborg og København. I åra 1936 til 1940 vart utført mælingar på 245 vegar med ei samla mælelengd

Tabell 1. Väg nr. 14, Huddingevägen, Stockholm. Sträcka III. Beläggning: Topeka, 3 cm slitlager på 4 cm bindlager, underbädd av makadam. Utförd år 1935. Mätningen verkställd: juli 1937. Merknad: Antall ojämnheter större än 10 mm er 9, 10, 10 etc.

Vägsträcka m	Ojämnhetstal I dm ²	Ojämnhetstal II dm ²	Antal ojämnheter större än								Största ojämnhet mm
			2.5 mm	5 mm	7.5 mm	10 mm	12.5 mm	15 mm	20 mm	25 mm	
0— 100	41.9	9.5	35	17	10	9	5	0	—	—	13.5
100— 200	50.2	14.9	36	19	13	0	5	3	2	—	27.5
200— 300	47.9	13.2	27	20	15	0	5	2	—	—	17.5
300— 400	41.5	9.2	27	17	8	5	3	2	—	—	18
400— 500	43.9	9.1	35	16	12	4	2	0	—	—	13
500— 600	41.1	7.8	34	20	11	6	2	0	—	—	13.5
600— 700	43.2	9.0	32	19	12	7	2	2	—	—	18.5
700— 800	39.8	7.7	35	16	11	8	1	0	—	—	13.5
800— 900	43.2	8.2	34	18	12	6	1	1	—	—	15
900— 1000	44.9	9.8	37	16	11	9	1	0	—	—	14
1000— 1100	39.9	7.0	38	19	9	7	0	0	—	—	11
Medeltal för 100 m 43.0		10.0	33.6	17.9	11.3	7.4	2.5	0.9	0.2	0.1	15.9 = största ojämnhet i medeltal

Tabell 2. *Topekabeläggnings på landsbygden, utførda och jämnhetsmått år 1936.*

Nr.	Uppmätt längd m	Ojämn- hetstal I	Antal ojämnheter på 100 m større än				Størsta ojämnhet i medel- tal mm	Absolut størsta ojämnhet mm	
			5 mm	10 mm	15 mm	20 mm			
	1	2	3	4	5	6	7	8	9
5.	Mjålgavågen, Borlänge, Köpparb. l.	500	33	15.1	1.7	0.08	0	11.4	17
7.	Amsbergsvågen, Borlänge, Köpparb. l.	1000	26	9.3	0.4	0	0	8.6	12
8.	Leksand-Rättvik, Köpparb. l.	1380	30	11.2	1.7	0.07	0	10.7	16
9.	Leksand-Rättvik, » »	3300	28	11.4	1.8	0.03	0	10.6	15
11.	Kvarngatan, Rättvik, » »	1500	28	11.5	1.1	0	0	9.7	14
15.	Malungsvågen, Mora, » »	675	29	13.0	0.7	0	0	9.0	11
16.	Ålvdalsvågen, » » »	400	27	10.9	0.3	0	0	9.1	11
17.	Strandgatan, » » »	450	33	16.7	2.7	0	0	12.1	14
18.	Morarå-Orerå, Orsa, » »	400	30	15.0	2.7	0	0	11.8	14
19.	Värnamo-Ljungby, Jönk. l.	1000	28	8.9	0.6	0	0	8.9	12
20.	Hörle-Skillingaryd, » »	1000	29	12.2	1.8	0.07	0	11.1	15
21.	Värnamo-Hörle, » »	1000	29	11.0	0.7	0	0	9.0	12
22.	Vaggeryd-Skillingaryd, Jönk. l.	2000	29	10.4	1.4	0.02	0	9.8	15
30.	Lund-Bjärred, Malmöh. l. .	700	23	5.9	0.05	0	0	7.6	10
	Jämnaste 100 m stråcka	100	—	2	0	0	0	—	7
33.	Såbyholm-Vallåkra, Malmöh. l.	600	—	9.9	0.8	0	0	8.9	11
52.	Järnvågsgatan, Krylbo, Köpparb. l.	400	24	11.1	0.3	0	0	9.0	11
53.	Långshyttan, Köpparb. l. . .	400	26	10.6	0.8	0	0	9.1	12
	Medeltal:		27	11.4	1.1	0.02	0	9.8	17

på 227 km, derav 122 km på landsbygda, resten på gater og vegar i byar.

Med dei siste apparata — som i prinsippet er ei rett-skive som blir slept framover vegdekket — mælar dei ujamneheitene i høve til ein tangent til toppane på det ujamne vegdekket (toppane av kulane). Denne tangenten forandrer stilling og retning etterkvart som apparatet blir drege framover vegbana. Ein får derfor ikkje heilt same form på det oppteikna profilet som på den verkelege vegdekkeoverflata. Denne mælemåten kallar dei: «Midtpunktretttskivemetoden».

Det er mange slags mæleapparat som er slik konstruert at dei teiknar eit meir eller mindre rett lengdeprofil av det vegdekket dei blir dregne framover. Når dette lengdeprofilet er teikna i HM = 1:1 og LM = 1:100 gjev det eit samantrengt bilete av vegdekkeoverflata, slik at ein lettare kan finna ut kvar vegdekket er ujamnt. Likevel kan det verta ei lang remse å granska

dersom den oppmælte veglengda er stor. Ei veglengd på 1000 m gjev ei papirremse (lengdeprofil) som er 10 m lang. Er den mælte veglengda fleire km, krevst det mykje arbeid til å kontrollera heile denne veglengda.

Då er det langt enklare og meir oversynleg å nytta dei tala ein kan lesa av på teljeverket på den vegdekke-mælaren som Statens Våginstitut har konstruert. Han tek sjølv automatisk ut dei data ein treng.

Tabell 1 syner korleis dei avlesne tal og data blir innførd i eit skjema. Under mælinga notarar dei avlesingane for kvar 100 meter veglengd. Når heile veglengda er oppmælt — kanskje mange km — kan dei summera tala i kvar rubrikk, og deretter dividera med talet på 100 m vegstykkje. På denne måten får ein sjå kor jamne dei ymse 100-meter stykkje er — og dessutan medeltalet for heile veglengda.

Når ein skal samanlikna mange vegdekke, kan ein skriva inn medeltalet for kvart vegdekke (for lenger stykkje) i eit tilsvarande skjema. Då vil ein gjerne samla

mange (eller alle) vegdekke av same slags konstruksjon i ein og same tabell. Sjå tabell 2 for topekavegdekke.

For kvar slik tabell kan ein so finna medeltalet og har dermed eit oversyn over kor jamne slike vegdekke kan verta. Ved soleis å finna medeltalet for ymse slags vegdekke, kan ein finna kva for vegdekke som er jamnast og av denne grunn helst bør byggjast.

For å få enno betre oversyn kan ein teikna såkalla *frekvenskurver*. Slike frekvenskurver gjev greitt og tydeleg oversyn over kor jamne dei ymse vegdekke er. Fig. 7 er oppteikna etter tabell 1.

I eit retvinkla aksesystem er storleiken på ujamnheitene i mm avsette langs den vertikale aksa. Talet på ujamnheiter pr. 100 m veglengd er avsette langs den vassrette aksa. Punkta for dei ymse ujamnheiter blir samanbundne med ei linje. Ein kan vera i tvil om denne kurven skal teiknast rettlinja mellom dei ymse punkt som er avsette etter tala i tabellen, eller om kurven skal teiknast som ei naturleg krumma linje. Det siste skulle vera det rettaste.

Di nærmare denne frekvenskurven ligg mot origo (mot akse-nullpunktet), di jamnare er vegdekket.

Når ein teiknar inn frekvenskurven for fleire slags vegdekke på same skjemaet, får ein ei god samanlikning mellom dei ymse slag.

Forutan desse frekvenstala (talet på ujamnheiter pr. 100 m) har ein jamnheitstala I og II. Jamnheitstala II som er flateinnhaldet mellom profilkurven og ei linje som ligg 5 mm under (nedanfor) 0-linja (den linja som tangerar toppane på det ujamne vegdekket), er eit godt samanlikningstal. Det gjev eit oversyn over om der finst mange og djupe groper i dekket. Di større jamnheitstal II, di ujamnare er dette dekket. Jamnheitstal og fre-




Fig. 7. Diagram över frekvensen av ojämnheterna, «frekvenskurvan», för vägsträckan i tabell 1.

kvenstal kan ikkje direkte samanliknast. Jamnheitstalet avheng ikkje berre av kor mange og djupe gropene (ujamnheitene) er, men ogso av kor *lange* gropene er. Nokre få lange groper kan gje større ujamnheitstal II enn mange korte groper sjølv om dei er like djupe i begge tilfelle.

Saman med frekvenskurvene gjev jamnheitstalet eit godt oversyn over kor jamt vegdekket er.

I Meddelande nr. 62 har Svenska Väginstytutet gjeve ei utgreiing om den Jämnhetsmätaren som dette institutet har fått konstruert og over nokre av dei jamnheitsmælingane som er fråseggjorde i Sverige og København.

I dette heftet vil interesserte kunne finna mykje om jamnheitsmæling. Underskrivne som i si tid fekk høve til å studera resultatet av mange av desse mælingane kan m. a. opplyse at dekke av sementbetong, høvelblanding, tjærebetong, topeka og essenafalt då var mellom dei jamnaste vegdekker i Sverige.

OLJESITUASJONEN I U. S. A.

Disponent Meidell i Norske Drosjeeieres Felleskjøp, som nylig har vært på en studiereise i U. S. A. og bl. a. besøkt noen av de viktigste senter for oljeindustrien derover, gir i Felleskjøpsspalten noen opplysninger om oljesituasjonen, hvor det bl. a. anføres følgende:

I likhet med de fleste andre varer har også oljen steget i pris etter at U. S. A. gikk til opphevelse av krigstidens restriksjoner. Prisen på råolje er således gått opp fra \$ 1,25 til \$ 2,65 pr. barrel (155 liter), og en av grunnene til denne betydelige stigning er nok den knapphet på olje, som har gjort seg gjeldende i U. S. A. den senere tid, som har gjort det nødvendig å stimulere til økt produksjon og nye boringer ved hjelp av høyere priser. Forbruket innenlands har steget voldsomt, og fra å være den ledende oljeeksportør er Amerika i dag faktisk importør av olje. Man regner at forbruket, som nå utgjør 5 250 000 barrels, i 1965 vil være oppe i 6 500 000 barrels pr. dag, og hvis der ikke oppdages nye, rike oljefelter vil dette forbruk kreve en daglig import

på 3 000 000 barrels. Men amerikanske oljeselskaper kontrollerer som kjent veldige oljefelter i det nære østen, hvor tilgangen på olje er så stor at hvert enkelt av de 7 konsesjonerte selskaper kan produsere tilstrekkelig til å forsyne hele verden med olje. Likevel må vi nok regne med en viss oljeknapphet et par år framover inntil de nåværende transportvansker er overvunnet.

Jeg benyttet ellers tiden til å studere bilindustrien og besøkte bl. a. General Motors samlefabrikk i Kansas City for Buick, Oldsmobile og Pontiac. Det var en av statens fabrikker for bombefly, som var gjort om til bilfabrikk og nå produserte 250 vogner pr. dag. Et imponerende anlegg. Men det som imponerte mest var nok Fords mektige fabrikker i Detroit, hvor 85 000 mann holder i gang en daglig produksjon på 4500 biler. Den nye modell av Ford? Den ble vaktet som en krigshemmelighet, og de innviedes munn var lukket med 7 segl. Men en gang i løpet av sommeren kommer den vel, og da får vi ifølge Henry Ford jr. se en Ford som er en helt ny vogn fra støtfanger til støtfanger.

YRKESKURS

Av avdelingsingeniør Einar Rosendahl.

Innledning.

For å få en økt rasjonalisering og effektivitet av vegvesenets og særlig vedlikeholdets arbeid er det nødvendig at så vel arbeidere, formenn, oppsynsmenn som ingeniører har størst mulig kjennskap til sitt fag. Dette læres visstnok i praksis etter hvert på arbeidsplassen, men som kjent har en i det alminnelige arbeidsliv dessuten mer og mer gått over til yrkesopplæring ved forskoler, yrkeskurs og liknende. Formålet er å korte av den tid som trengs til opplæringen og videre å øke omfanget av fagkunnskapene. Den vanlige mening er at denne form for yrkesopplæring er meget nyttig og har økt fagdyktigheten.

I vegvesenet har denne form for opplæring vært relativt lite brukt. Opplæringen har skjedd på arbeidsplassen i tillegg til det grunnlag som finnes fra en eventuell skoleutdannelse. Gjennom spesialkurs i sveising, betongteknologi m. v. har enkelte fått supplert sine kunnskaper og ferdigheter, men det har hittil vært i forholdsvist liten utstrekning.

Etter krigen har det vært ymse kursvirksomhet satt i gang av vegvesenet med kurser for ingeniører, oppsynsmenn, vegvoktere samt vedlikeholdsarbeidere.

Alminnelige retningslinjer.

Kursdeltakerne bør få vanlig lønn under kurset, og ekstrautgiftene kan i stor utstrekning bli dekket av Vegdirektøren når det gjelder vedlikeholdet. Til kursene bør foredragsholdere og instruktører kunne skaffes blant fylkets ingeniører eller kursdeltakerne og suppleres med eksperter fra f. eks. Vegdirektøren eller fra privat hold. En bør framleis oppmuntre til deltaking i spesialkurs utenfor vegvesenet.

For hvert kurs bør overingeniøren oppnevne en kursleder som da skal ha det fulle ansvar for kursets organisering og gjennomføring. Kurset bør vare fra 3—6 dager, og gjerne organiseres sammen med nabofylker. Det har vist seg heldig på dene måte å få utvekslet erfaringer fylkene i mellom.

En bør være merksam på at et kurs ikke bør virke for ensformig, og foredrag må ikke være for lange. *De må være avpasset for den yrkesgruppe kurset gjelder.* Programmet bør på forhånd være satt opp med tidsplan, med litt å løpe på, og denne søkes overholdt. Foredragsholderne bør få streng ordre om maksimumstid. Erfaringsmessig har for eksempel foredrag med lysbilder lett for å trekke ut mer enn ventet. Kursdeltakerne bør mest mulig ha samme forutsetninger for å kunne nyttiggjøre seg kurset. Begynnere bør ha egne kurs.

En viktig side ved et kurs er å la deltakerne være mest mulig aktive, og ikke bare være passive tilhørere eller tilskuere. Og det å vekke deltakernes interesse og entusiasme er ofte like viktig som å fylle dem med teknisk detaljkunnskap.

Jeg skal nevne noen undervisningsmåter som brukes ved kurs. Som regel vil en bruke en kombinasjon av dem.

%

Foredrag.

Dette har fra gammel tid av vært yndet belæringsmåte, og er stadig meget brukt. Faren er at metoden er basert på passiv mottaking og bør suppleres på annen måte ved lagarbeid, diskusjon eller liknende. Et godt foredrag, framført tydelig og avvekslende, kan imidlertid være ypperlig. Foredrag må ikke være for lange og tørre, sjelden over tre kvarter, gjerne en halv time eller mindre. Jo kjedeligere et emne er, dess kortere foredrag. Det bør være klart oppsatt og helst slutte med en konklusjon. For mange foredrag etter hverandre er mindre effektivt og bør unngås. For å festne innholdet kan deltakerne pålegges å referere hovedpunktene. Der det er høve til det, bør foredraget, eller i hvert fall et resymé, være mangfoldiggjort.

Lysbilder, film.

I tilknytning til et foredrag eller for seg selv kan vises fram lysbilder eller film. Denne form for opplæring har vist seg meget godt skikket, og mottas som regel med takknemlighet.

Lagarbeid.

For å aktivisere kursdeltakerne brukes nå mye lag- eller gruppeoppdeling. Hvert lag konsentrerer seg om et begrenset antall foredrag eller emner og bearbeider disse i lagmøter. Laget kan bestå av 4—8 deltakere, helst allsidig sammensatt. For hvert emne bør innen laget velges en ordfører, som gjerne på forhånd har søkt å sette seg godt inn i stoffet. Diskusjonen bør være uformell, slik at alle i laget kan trekkes inn i utvekslingen av tanker og erfaringer. Foredragsholderen eller en ekspert bør helst være til stede som konsulent, men bør unngå å dominere diskusjonen, som bør utkrystalliseres i en konklusjon eller et forslag til vedtak for samtlige deltakere i et fellesmøte.

En slik lag-delning kan også følges ved praktiske øvingsoppgaver.

Diskusjoner.

Etter et foredrag, eventuelt etter at dette har vært bearbejdet av et lag, kan en ha fri diskusjon mellom alle deltakere. Diskusjonen bør ledes av en myndig dirigent som kan holde innleggene innenfor emnets ramme og trekke flest mulig inn i diskusjonen. Dirigenten bør søke å oppmuntre til positive innlegg. Diskusjonsdeltakere med ensidig kritikk bør oppfordres til å komme med positive forslag til forbedringer.

Ved en diskusjon er det ofte heldig å dele opp emnet i punkter og behandle hvert punkt etter hvert for seg. Den tid en kan tillate til hvert punkt, må da avpasses etter den samlede tid til disposisjon.

Sporretimer.

En avert av diskusjon er spørretime. Deltakerne får da høve til å bringe fram for foredragsholder eller ekspert problemer som de selv er usikre overfor. Fordelen er at deltakerne selv bringer fram aktuelle ting fra sin egen praksis. En spørretime bør begrenses til et eller flere emner om gangen.

Praktiske arbeidslag.

Ved kurs som holdes for formenn og spesialarbeidere, må en som regel legge stor vekt på instruksjon gjennom praktisk arbeid, som da gjerne foregår i arbeidslag, som helst ikke bør bestå av mer enn 6 mann, helst mindre. Arbeidslag bør under kurset settes til flere slags arbeid, slik at ingen blir gående for lenge med samme arbeid. Det bør helst være noe teoretisk gjennomgåelse i blant.

Demonstrasjoner.

Spesielle maskiner, redskaper og arbeidsmetoder kan vises fram i form av demonstrasjoner. Han som demonstrerer bør være klar og konsis og kunne framheve hva som er viktigst. Fram for alt må han være ekspert i maskin og/eller redskapsføring. Det bør sørges for at alle deltakere får se og høre, gjerne etter tur. En vanlig feil er at bare de nærmeste blir tatt hensyn til.

Ved demonstrasjoner er det heldig at deltakerne får høve til å gjenta arbeidsoperasjonen på egen hånd.

Ekskursjoner.

For å skaffe litt avveksling og for å vise anvendelser i praksis er ekskursjoner å anbefale. Ved for eksempel en busstur kan en vise fram dårlige og gode vegdekker, faste vegdekker, verksteder, vegmaskiner og liknende. De stedlige ingeniører eller oppsynsmenn bør være til stede og gi nærmere detaljer.

Velferd.

For å øke interessen for et kurs bør gjerne avslutningen gjøres festlig og høytidelig. Øverste sjef bør åpne og avslutte kurset. En enkel fest med et populært kåseri kan arrangeres. Lysbilder eller film brukes da gjerne.

Under kurset bør deltakerne hvis det er nødvendig, få assistanse til å skaffe seg husrom, mat, transport m. m., og i enkelte tilfelle vil vegvesenet kunne hjelpe med å ordne rimelig fellesovernatting, fellesspising m. m.

Kursoppsetting.

Det etterfølgende skal jeg søke å drøfte hvordan kurs i fylkene bør settes opp for en del grupper. En må ikke føle seg for sterkt bundet til de foreslåtte retningslinjer, men gjerne prøve nye idéer.

For ingeniører gâes ut fra at kursene blir holdt ved Vegdirektoratet.

Oppsynsmenn.

